

Arbeidslivsrelevans som finansieringskriterium for utdanning ved statlege universitet og høgskular.

Merknader til forslaget om kompetansereform med arbeidslivsrelevans som finansieringskriterium for utdanning ved statlege universitet og høgskular, vedtatt av stortingsfleirtalet 15.6.2020, på bakgrunn av innstilling frå fleirtalet i utdannings- og forskingskomiteen 9.6.2020.

Fleirtalet på Stortinget, ved dei tre av opposisjonspartia på Stortinget Frp, Ap og Sp, lanserte våren 2020 eit forslag om ei «kompetansereform» i form av **eit nytt finansieringssystem for statlege universitet og høgskular**. Sitat: «Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være: Relevans for arbeid etter endt studium, ulike opplegg for videreutdanning, og opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør og som kan tas i kombinasjon med jobb.»¹ Framlegget vart vedtatt, av det same fleirtalet, den 15. juni 2020. Slaget vil no stå om stortingsmeldinga om styringspolitikken for statlege universitet og høgskular, som skal behandlast på nyåret 2021.

Dette er bakteppet for forslaget om «arbeidslivsrelevans» som kriterium for finansiering av høgare utdanning.² Ein går ut frå at vi i stigande grad vil få eit arbeidsliv prega av ny teknologi og rask teknologisk utvikling, innanfor ramma av ein globalisert kapitalisme – kort sagt, eit omskifteleg og konkurranseutsett arbeidsliv som krev fleksibilitet og

¹ Dette er ordlyden i forslaget om arbeidslivsrelevans som blei vedtatt av Stortinget:

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken for statlige universiteter og høyskoler, om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være – Relevant arbeid etter endt studie og arbeidslivsrelevans i studiet. – Ulike opplegg for etter- og videreutdanning. – Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør og som kan tas i kombinasjon med jobb.»

² Forslaget frå stortingsfleirtalet, *Innst. 370 S* (frå 9.6.2020), er ein reaksjon, frå tre av opposisjonspartia, på framlegget til kompetansereform frå regjeringa, *Meld. St. 14* (frå 22.4.2020), ein politisk reaksjon der kravet om arbeidslivsrelevans blir innskjerpa (jf sitatet ovanfor), men stort sett ut frå same situasjonsforståing om endringar i arbeidslivet og same syn på behovet for endringar av utdanningstilbodet, som i meldinga frå regjeringa (*Meld. St. 14*). Dessutan, denne meldinga frå regjeringa (*Meld. St. 14*) er heilt på linje med *NOU 2/2020, Fremtidige kompetansebehov III* (frå 10.2.2020) i synet på kva for utfordringar vi står framfor og på kva som då bør gjerast med tanke på kompetanseheving.

kompetanseheving i form av omstilling og livslang læring. Derfor må utdanningsinstitusjonane omstillast for å møte desse utfordringane. Derfor må det stillast krav til institusjonane for høgare utdanning om å utforme jobb-relaterte utdanningsløp, utdanningsløp som er etterspurde og som kvalifiserer for jobb etter endt utdanning, gjerne i form av korte praksisorienterte kurs, eventuelt som etterutdanning og omskolering. Tanken er då at dette skal skje ved innføring av eit nytt og heilskapleg finansieringssystem, for alle institusjonar for høgare utdanning.

Tankegangen er i utgangspunktet grei nok: Stilt overfor desse utfordringane, er det eit politisk ansvar å ta grep som gjer det lettare for folk å komme i arbeid og å stå i arbeid. Eit grep kan då vere å legge til rette for utdanningsløp som er tilpassa krava i det nye arbeidslivet - derfor, eit forslag om ei «kompetansereform» i form av eit nytt finansieringssystem for all utdanning etter vidaregåande skule.

Men er det berre endringar i arbeidslivet som krev kompetanseheving og oppdatering? Kva med andre endringar og utfordringar i moderne kriserammar samfunn? Slik som klimaendringar og andre naturrelaterte utfordringar? Saman med aukande sosio-økonomiske skilnader, i statar og mellom statar, svekking av demokratiske og rettsstatlege institusjonar, spreiding av «fake news» og forvitring av den opplyste offentlege sfære, og med geopolitiske spenningar og fare for militære konfrontasjonar. Og mens utfordringane blir meir komplekse, meir omfattande og samanvovne, er vi vitne til ei aukande spesialisering på universitet og andre forskingsinstitusjonar. Kort sagt, er det berre i arbeidslivet at det er behov for kompetanse og oppdatering?

Svaret gir seg sjølv. Også som samfunnsborgarar i ei verd i krise, og som statsborgarar i kriserammar moderne og vitskapsbaserte demokrati, er vi konfronterte med behov for kompetanse og oppdatering. Og igjen er institusjonane for utdanning og opplysning viktige: universitetet, skulane, media og den offentlege sfære – kvar institusjon for seg, men også samspelet mellom dei.

Allereie innsnevringa av «kompetansebehovet» til arbeidslivet er problematisk og uheldig – både fordi det då er viktige og vitale kompetansebehov i moderne vitskapsbaserte og kriserammar samfunn som ikkje blir adresserte, og fordi innsnevringa fører til vedtak som kan vise seg å vere kontraproduktive med tanke på dei fagkritiske opplysningsbehov som statlege universitet har eit særleg ansvar for å ta hand om, og der marknadsorientert finansiering kan slå uheldig ut (sjå nedanfor).

Med andre ord, både situasjonsforståinga (avgrensa til arbeidslivet) og framlegget om finansieringstiltak (avgrensa til arbeidslivsrelevans) er uheldige. For snevert og for kortsyn. Viktige perspektiv kjem ikkje til orde. Her nokre kortfatta merknader om avgjerande poeng og perspektiv som fortener meir merksemd i denne samanhengen:

- (i) Ei uviss og usikker framtid, med kritiske utfordringar på sikt.

Dette er ein plan for ei framtid i endring, men som likevel er «normal», med økonomisk vekst og utan destabiliserande sosio-politiske konflikhtar (slik det blir tenkt i OECD, som ei framskriving av status quo). Men er det så sikkert? I den moderne verda er det mange kritiske utfordringar, som ofte forsterkar kvarandre og som gjer framtida usikker på fleire måtar, både med tanke på det som kan skje og det vi kan vite.³ Her bygger framlegget openbert på føresetnader som er usikre, og som på sikt neppe er sannsynlege.⁴

- (ii) Tilpassing, også andre vegen?

Den generelle problemstillinga er velkjend; spissformulert: skal individet tilpasse seg systemet, eller systemet tilpassast individet?⁵

I dette forslaget tar ein det for gitt at arbeidslivet må tilpasse seg dei nye *teknologiane*, med robotar og kunstig intelligens. Men diskusjonen om (og kritikken av) teknologisk determinisme er omfattande. Bør vi ikkje her følgje opp denne diskusjonen, med tanke på korleis det eventuelt kan vere mogleg å tilpasse teknologien til arbeidslivet, til arbeidslivet slik vi vil ha det?

I dette forslaget tar ein det for gitt at arbeidslivet må tilpasse seg ein teknologibasert og globalisert *kapitalisme*. Men, som dei fleste har fått med seg: spørsmålet er om dette systemet på sikt er berekraftig, økologisk og politisk. Bør vi ikkje her følgje opp diskusjonen om korleis det i framtida eventuelt kan vere mogleg å tilpasse det økonomiske systemet til ei økologisk og politisk berekraftig framtid og eventuelt også til eit regulert og organisert arbeidsliv, slik det vart utvikla i den «norske modellen»?

³ Jf Skirbekk 2019.

⁴ Jf t.d. Dag Hessesen, *Verden på vippepunktet*, Res Publica, Oslo 2020, og *NOU 17/2018, Klimarisiko og norsk økonomi*, med kommentarar i Skirbekk 2019: 47-57.

⁵ Kort sagt, OECD går for det første alternativet. Ein av dei som går for det andre, er psykologiprofessor Ole Jacob Madsen, *Livsmestring på timeplanen*, Spartacus, Oslo 2020.

(iii) Statsborgar, ikkje berre yrkesaktiv.

«Kompetansereforma» fokuserer på utdanningsløp som kan styrke kompetansen hos kvar og ein, for eit meir omskifteleg og krevjande arbeidsliv. Det gjeld i så måte oss alle, som yrkesaktive. Men i moderne samfunn er det mange utfordringar og behov, også med tanke på kompetanse og kunnskap; vi er ikkje berre aktørar i arbeidslivet; vi er også medborgarar, og statsborgarar i moderne vitenskapsbaserte og kriseramma demokrati, der vi som statsborgarar kan velje dei som gir tvingande lover og fattar viktige vedtak, og der vi sjølve kan bli valde. Dermed har vi medansvar, eit samfunnsansvar som krev kunnskap og kompetanse utover det som krevst av oss i arbeidslivet.

Det er verdt å merke seg at alle fungerande moderne demokrati har skuleplikt. Det er ikkje tilfeldig. Dessutan, i vitenskapsbaserte moderne demokrati – i møte med «fake news» og desinformasjon, og også i møte med ein-sidedig og ofte usikker ekspertise – er det behov for ein viss fagkritisk kompetanse, som innslag i den allmenne folkeopplysninga.

Men i det nemnde framlegget til «kompetansereform» fokuserer ein på arbeidslivet, ikkje på behovet for kunnskap og kompetanse som statsborgar i moderne vitenskapsbaserte og kriseramma demokrati. «Arbeidslivsrelevans» er stikkordet. Men dette for snevert, med tanke på dei mangearta og kritiske utfordringane vi står framfor. Her manglar heilt avgjerande perspektiv på kompleksiteten i moderne samfunn og kompetansebehovet i moderne kriseramma demokrati.

(iv) Arbeidslivsrelevant utdanning - kva betyr det, meir presist?

Eit grunnleggande spørsmål, som er mykje diskutert, er dette: Kva betyr «arbeidslivsrelevans», i denne samanhengen? Framtida er uviss. Så, kva type arbeidskompetanse trengst, og vil vi trenge, lengre fram? Vanskeleg å spå. Men då må utdanningsopplegga (og finansieringa av utdanninga) leggest opp deretter – altså, ikkje for snevert og prega av det dagsaktuelle. I utgangspunktet er det grunn til å rekne med at det vil vere mange slags behov for kunnskap og kompetanse i framtida, også for tradisjonelle utdanningar, både i arbeidslivet og i samfunnslivet elles. Dessutan, stilt overfor nye og ukjende utfordringar kan mangfaldet av humanistiske og samfunnsvitenskaplege faga vise seg å vere viktig for den kunnskapsmessige beredskapen. Dessutan, klar og kritisk tenking, mellom anna om ulike faglege grep og føresetnader, har vist

seg å vere ettertrakta, også i arbeidslivet; så filosofar blir nok etterspurde, trass i dystre spådommar frå framstegspartihald! – Her går debatten, m.a. med innlegg frå rektorane ved UiO og UiB, som m.a. viser til at studentar flest kjem i arbeid, også dei som har valt utdanningar som ikkje direkte er retta inn mot eit bestemt yrke.

(v) Skilnader mellom institusjonar.

Det nye finansieringssystemet, med arbeidslivsrelevans som tildelingskriterium, skal gjelde for alle statlege institusjonar for høgare utdanning. Men er det slik at alle institusjonar for høgare utdanning driv med det same – eller, at dei bør prøve å drive med det same? Eller, ville det vere meir fornuftig med ei viss differensiering, ut frå dei oppgåvene som kvar institusjon er best skikka til å utføre? Og i så fall, bør finansieringssystemet differensierast tilsvarande?

Kort sagt, *før* ein på politisk hald fattar eit endeleg vedtak for ei ny styrings- og finansieringsordning for statlege universitet og høgskular, er det nødvendig å differensiere mellom ulike utdanningsinstitusjonar – særleg mellom fleirfaglege og forskingbaserte universitet, med hovudvekt på omfattande og sjølvkritiske fagstudium, på den eine sida, og institusjonar som i større grad er retta inn mot praksisnær yrkesutdanning, på den andre – i begge tilfelle, uavhengig av om dei kallar seg universitet eller høgskule.

Vedtaket om ny «kompetansereform» er uklart på dette avgjerande punktet. Derfor bør dette rettast opp, når ein på politisk hald skal lansere eit nytt styringssystem for alle statlege universitet og høgskular, truleg våren 2021.

(vi) Skilnader mellom fag.

Eit full-skala universitet har mange ulike fag, frå matematikk og naturfag av forskjellig slag (frå fysikk til biologi, frå geologi til informatikk), over samfunnsfag av ulikt slag (frå økonomi til sosialantropologi), og til humaniora av forskjellig slag (frå historie og filosofi til lingvistikk og teologi), i tillegg til juss og medisin og andre helsefag. Dessutan, det dei gjer, i dei ulike fag, er vidt forskjellig: somme jobbar på lab, andre er på feltarbeid, eller jobbar i bibliotek, eller er på tokt i fjerne farvatn. Svært ulike gjeremål, med svært ulike administrative opplegg og behov, og med svært ulik tilgang til ekstern finansiering. Dei som studerer Ibsen eller Platon har andre administrative opplegg og behov enn dei som forskar ved CERN, eller forskar på arktisk torsk ombord på eit forskingsfartøy. Dei økonomiske behova er forskjellige, samtidig som ulike fag

også har ulik tilgang til ekstern finansiering – kort sagt: dei som forskar på fornybar energi, eller på helserelaterte problem, har fleire kjelder å gå til, både nasjonalt og internasjonalt, enn dei som forskar på norsk historie eller filosofiske grunnproblem.

Derfor er det illevarslande når ein på politisk hald går inn for eit nytt og heilskapleg finansieringssystem for høgare utdanning, utan på førehand å ha differensiert mellom dei ulike institusjonane, og også utan å differensiere mellom ulike fag med deira ulike behov og opplegg, ved eitt og same universitet. Dette gjeld m.a. forholdet mellom grunnløyving og mogleg ekstern finansiering; i klartekst: somme universitetsfag er meir avhengig av fast og forutseibar grunnfinansiering enn andre.⁶

Dessutan, med tanke på finansiering ut frå publikasjonar, det omdiskuterte teljekantsystemet, er det ein relevant skilnad mellom det vi kunne kalle «finne-fag» og «formuleringsfag». Enkelt sagt, i empirisk arbeidande fag («finne-fag») er poenget å finne fram til eit påliteleg svar, t.d. ved eksperiment eller systematisk observasjon; dette er den forskingsmessige utfordringa, ikkje formuleringane i dei skriftlege publikasjonane. Derfor er samforfattarskap ikkje eit avgjerande problem; og med lange lister over medforfattarar kan desse forskarane figurere som forfattarar av mange publikasjonar. Annleis for dei som forskar på Hegel eller Shakespeare; då er formuleringane heilt avgjerande. Dersom det står fleire namn på forfattarlista, er det uråd å vite kva den enkelte er god til – så sant det ikkje klart og tydeleg framgår kva og korleis dei ulike forfattarane har bidratt til formuleringane i den framlagde teksten. Dermed blir det færre publikasjonar som kan førast opp, for den enkelte forskar i eit «formuleringsfag». Konklusjonen er den same: ved evaluering og økonomisk støtte for fagleg innsats på basis av publisering bør vi differensiere mellom ulike fag.

Det same gjeld evaluering av innsats (og kvalitet) ut frå opplisting av registrerte sitat, ut frå siteringsfrekvens. For eksempel, den som publiserer (på engelsk) om eit teologisk problem i Johannesevangeliet, kan truleg vente seg fleire siteringar enn den som publiserer (på norsk) om internasjonale innslag i landslova av 1274 – rett og slett fordi det er fleire folk i det første

⁶ Tilsvarande skilnader mellom fag er det også ved finansiering basert på *kor mange* som melder seg på eit bestemt studieopplegg. Somme studieopplegg kan vere lette å drive og lette å ta, og kan derfor trekke til seg mange studentar, mens andre studieopplegg kan vere tyngre og dermed mindre populære, utan at dette avspeglar samfunnets reelle behov og utan at dette blir retta opp ved etterspørsel frå næringslivet (slik det t.d. kan vere for seriøse studieopplegg i tysk eller teoretisk fysikk). Antal studentar i eit fag bør derfor vurderast opp mot andre omsyn. Kort sagt, ulike fag må vurderast individuelt.

fagfeltet. Konklusjonen er den same: ei fornuftig finansieringsordning må ta omsyn til skilnadene mellom ulike fag.

- (vii) Ei utgreiing om ulike fag og institusjonar må gå *forut for* eit endeleg vedtak om eit nytt finansieringssystem.

Hovudkonklusjonen er klar: når ein skal vedta eit nytt finansieringssystem for statlege universitet og høgskular, er det nødvendig å differensiere både *mellom ulike institusjonar* for høgare utdanning og *mellom dei forskjellige fag*. Med andre ord, det er påkravd at ein på politisk hald differensierer mellom institusjonar, og mellom fag, *før* ein går inn for ei ny finansieringsordning for universitets- og høgskulesektoren. *Før, ikkje etter!* Derfor må det bli omkamp neste vår, om stortingsvedtaket frå juni 2020 om finansiering av statlege universitet og høgskular, eit vedtak som vart fatta utan ei forutgåande avklaring av skilnadene mellom (og innanfor) dei ulike institusjonane for høgare utdanning.

- (viii) Kriser på to plan – kompleksitet i verda, og spesialisering i forskinga.

Den moderne verda er i krise, ei dobbelt krise (kunne vi seie): ute i verda, der ulike kriser ofte går i kvarandre og gjerne forsterkar kvarandre, og på kunnskapsplanet, der ingen enkeltvitskapleg ekspertise aleine kan gripe kompleksiteten i det som skjer. Spissformulert: kunnskapen blir stadig meir spesialisert, og verda stadig meir kompleks. I så måte, ein uheldig konstellasjon, som viser til behovet for meir tverrfagleg samarbeid og kompetanse, som mottiltak.

For, det er uheldig når éin type ekspertise får dominere, på bekostning av andre relevante perspektiv, slik som når visse økonomifaglege modellar blir lagde til grunn for samfunnsanalysen og for omfattande politiske reformer, med privatisering og deregulering av arbeidslivet, og med vekt på leiarskap i form av administrativ kontroll av målbare resultat, slik det ofte skjedde etter murens fall, ut frå ein tidstypisk framtidsoptimisme om global økonomisk vekst og politisk stabilitet. *The End of History* (Francis Fukuyama, 1989). Men det er jo ikkje slik verda ser ut, no i ettertid.

Med andre ord, velinformert og oppdatert fagkritikk er nødvendig, m.a. av einseitig bruk av økonomifaglege modellar. Jamfør den faginterne kritikken i *NOU 17/2018, Klimarisiko og*

norsk økonomi, retta mot ukritisk bruk av kvantifiserande økonomifaglege modellar – og jo lengre fram, di meir usikkert blir det (jf Taleb og «svarte svaner»).

Sjølvsagt, velinformert og sjølvkritisk fagkritikk trengst for alle fag, ikkje berre for einseitig og ureflektert bruk av økonomifaglege modellar. Kritikken gjeld for alle enkeltfag som blir nytta einseitig for å meistre komplekse og presserande problem, utan at andre relevante fagperspektiv kjem til orde. Det gjeld t.d. også for einseitig bruk av sosialantropologiske begrep, m.a. i migrasjons- og integrasjonspolitikken, utan begrep som i tilstrekkeleg grad fangar opp underliggande økologiske og institusjonelle forhold, og utan høvelege begrep om behovet for sosio-kulturell modernisering for statsborgarar i moderne vitkapsbaserte og rettsstatlege demokrati, i kontrast til førmoderne klan-samfunn.

Kort sagt, det er ofte eit behov for fleire faglege perspektiv og for sjølvkritisk innsikt i eigne og andres faglege føresetnader og begrensningar. Slik sjølvkritisk innsikt er viktig med tanke på kva slags kunnskap og kompetanse som trengst, no og i framtida, som mottrekk mot uheldig spesialisering og mot bruk av einseitig ekspertise, i ei kompleks moderne verd; ein informert fagkritisk kompetanse som er viktig for oss som statsborgarar og politiske aktørar i moderne vitkapsbaserte og kriseramme demokrati. Når ein skal vedta ei kompetansereform for institusjonane for høgare utdanning, er det derfor påkravd at ein avklarar korleis denne typen fagkritisk kompetanse best kan inkorporerast i utdanningsopplegga og sosialiseringssjessane ved statlege universitet og høgskular.

(ix) Universitet – kva skal vi med det?

Det som blir kalla «universitet», kan vere så mangt. Men om vi held oss til fagleg sterke, forskingsbaserte universitet, med eit mangfald av ulike fag, er det eitt (tre-ledda) spørsmål som bør stillast: Kva er det slike universitet *kan*, som er *viktig*, og som dei kan *betre enn alle andre*? Her er eit tentativt svar, med utgangspunkt i eit par sentrale poeng:

Kva er det forskarane ved full-skala høgkvalifiserte universitet faktisk gjer? Dei er openbert engasjerte i svært forskjellige aktivitetar. Som nemnt, somme arbeider i lab, andre i bibliotek, eller på sjukehus, eller gjer feltarbeid av eit eller anna slag, og så vidare. Men det er éin aktivitet som er felles for alle disiplinane ved eit slikt universitet: *doktordisputasen*, ideelt sett ein open og opplyst diskusjon, i eit *felles søk etter betre argument*. Følgjeleg må deltakarane i denne typen akademisk aktivitet vere *opne* for (og interesserte i) relevante *motargument*, retta mot eins eigne påstandar: Eit felles argumentativt søk etter betre grunnar, bort frå mindre gode grunnar, idet ein er open for motargument, også om eins eigne

føresetnader – dette er dét som forskarane ved akademiske høgkvalitetsuniversitet har felles. Negativt uttrykt, kva emnet enn måtte vere, og kva disiplin det enn måtte vere, “*argumentofobi*” er bannlyst.⁷

Sant nok, doktordisputasane er spesielle hendingar ved spesielle høve. Men ettersom doktordisputasane er felles for alle akademiske disiplinær ved desse universiteta, er det å *kunne* arrangere og delta i slike diskusjonar noko som er *felles* for dei alle. Dei er alle i stand til å diskutere og argumentere på denne måten.

Neste poeng: I moderne vitenskapsbaserte samfunn er det eit påtrengande *behov* for slike diskusjonar og gjensidige læringsprosessar, innanfor og mellom ulike vitenskaplege perspektiv. Derfor, av denne grunn, *bør* dei ulike disiplinane arrangere og kultivere denne typen diskursiv aktivitet, som innslag i deira ordinære verksemd, ved høgt kvalifiserte, full-skala universitet.

Dessutan, i ei kompleks moderne verd bør studentundervisninga ved full-skala universitet, med eit mangfald av ulike disiplinær og perspektiv, vere prega av at det, grunnleggande sett, er to ting studentane bør lære: lære eit fag, ein modell, og lære at modellen ikkje er realiteten! Med andre ord, dei skal opplæraste i ein disiplin, men samtidig lære at denne disiplinen aleine ikkje fattar alt det som foregår. Økonomane ser noko, og sosiologane, eller psykologane, ser noko anna, om det “same” – og så vidare. Kort sagt, for å vite kva ein veit, må ein vite kva ein ikkje veit. Derfor, i ei *kunnskapsmessig pluralistisk og kompleks* verd bør vitenskapsfolk og ekspertar vere medvitne om deira eigne *føresetnader og begrensningar* – og også om føresetnader og begrensningar for andre (nærståande) disiplinær.

Dessutan, ved *fullskala* universitet, med “alle” vitenskaplege disiplinær, kan denne typen innsikt vere *lettare å tileigne seg* enn ved universitet med berre eit fåtal disiplinær, eller ved frittstående forskingsinstitusjonar med berre éin eller få disiplinær – lettare, fordi kollegaer frå andre disiplinær er «over alt», ved eit slikt full-skala universitet.

Dessutan, det å vere medviten om eins eigne føresetnader (og begrensningar) er ei avgjerande innsikt, ikkje berre i akademia, men i moderne samfunn generelt, ettersom dette er samfunn som på ulikt vis er avhengig av heile skalaen av ulike (og ofte konkurrerande) disiplinær og disiplinbaserte ekspertgrupper. For eksempel, i mange viktige saker er det eit behov ikkje berre for teknologi og instrumentelle vitenskapar, men også for tolkande og kritisk dannande disiplinær.

⁷ Uttrykk lån av kollega Lars Johan Materstvedt, NTNU. Sjå Skirbekk 2019.

Kort sagt, ettersom vi menneske ikkje er utstyrte med «Guds auge», som ser alle tinge frå alle perspektiv på same tid, så inneber medvitet om kunnskapsmessig perspektivisme og mangfald at “alle” disiplinær trengst for at vi skal kunne hanskast som best vi kan med dei ulike kunnskapsrelaterte utfordringane i komplekse moderne samfunn. Derfor er det å gå inn for naturvitskap og teknologi, og samtidig sjå bort frå samfunnsvitskapar og humaniora (eller omvend!), ein kunnskapsmessig “anomali”. Det å vere kunnskapsmessig “*halvmoderne*”, i denne forstand, det er noko vi bør unngå!⁸

I den grad moderne full-skala og høgkvalifiserte universitet har eit potensiale både for å fremje eit felles diskuterande søk etter betre argument, der ein tar mot-argument på alvor, og for eit refleksivt og sjølvkritisk medvit om ulike kunnskapsmessige perspektiv og føresetnader (og begrensningar), eins eigne så vel som dei andres, så bør desse universiteta *vere i stand til* å spele ei viktig rolle i moderne vitskapsbaserte risikosamfunn.

Så her er svaret på det spørsmålet vi reiste ovanfor: Med dette potensialet for argumenterande resonnement, og med gode vilkår for å kunne reflektere over ulike kunnskapsmessige føresetnader og begrensningar, bør full-skala og høgkvalifiserte universitet vere i stand til å utføre denne typen sjølvkritisk kunnskapsmessig kvalitetskontroll, som på avgjerande vis trengst i komplekse moderne samfunn. Og slike universitet kan dette betre enn alle andre.

Konklusjonen er klar: slike universitet bør få arbeide under andre rammevilkår, styringsmessig og finansielt, enn éin-faglege og få-faglege utdanningsinstitusjonar, uavhengig av om dei blir kalla universitet eller ikkje.

(x) Fagkritikk og kvalitetssikring

Det følgjer av det vi har sagt i avsnittet ovanfor at fleirfaglege universitet, med opplyst og sjølvkritisk fagkritikk, har eit særeige potensiale for å ta hand om to sentrale oppgåver: *sikring* av fagleg kvalitet og *styring* av fagleg aktivitet. Kort sagt, dette opnar for kvalitetssikring ved open og opplyst offentleg diskusjon, og dermed for mindre bruk av administrativ kontroll, t.d. ved produksjonsindikatorar produsert av anonyme konsulentar (som ofte er utilgjengelege for motargument og klargjering av eigne føresetnader og begrensningar).

⁸ Igjen, meir om dette i Skirbekk 2019.

Sjølvsagt, ingen er perfekte! Og her det er ikkje snakk om eit anten-eller. Men i den grad vi lever opp til dei faglege og fagkritiske fordringane som er nemnde ovanfor, er det grunn til å vektlegge kvalitetssikring og fagleg styring på ein mindre byråkratisk og utvendig måte enn det er lagt opp til i dag. Dette poenget bør derfor leggst til grunn når ein på politisk hald skal vedta nye prinsipp for styring og finansiering av statlege universitet og høgskular.

(xi) Universitet og demokrati

Universitetet inngår som ein viktig institusjon i moderne vitskapsbaserte samfunnet. Det har eit samfunnsansvar. Det er viktig i og for samfunnet. Og som statsborgarar i eit moderne vitskapsbasert demokrati er vi alle, kvar på vårt vis, involverte i vitskapsteoretiske spørsmål om korvidt det eine eller andre forskingsresultatet er tilstrekkeleg sikkert, eller om andre perspektiv gir betre svar – slik som i dei pågåande diskusjonane om klima og andre økologiske utfordringar, eller om ulike tiltak mot covid-19.

Opp mot dette har vi tendensane til kunnskapsmessig innsnevring ved ekkokammer i sosiale media, forsterka av algoritmane på internett, i tillegg til bevisst manipulering ved bruk av «fake news» og andre former for desinformasjon.

Med andre ord, det er behov for velinformert, sjølvkritisk og diskuterande fagkritikk, det som på mange måtar bør vere eit kjernepunkt i forskingsbaserte og fleirfaglege universitet; og på eit realistisk vis er dette behovet også med oss som medansvarlege samfunnsborgarar i moderne vitskapsbaserte og kriseramma demokrati, slik som det norske.

(xii) Fagkritikk i moderne samfunn

Når fagkritikk av dette slaget er viktig for moderne demokrati, og dermed også for moderne samfunn meir generelt (men avhengig av styreform og av kulturell modernisering), så vil dette også ha implikasjonar for andre sentrale institusjonar i moderne samfunn, ikkje minst for *skulesystemet* og for *media og den offentlege sfære*; kort sagt, eit behov for eit felles godt (gratis) skulesystem for alle, og ein offentlig sfære som er open for fri og opplyst samtale og meiningsdanning.⁹

⁹ Skirbekk 2019, del 3.

I lys av det som er sagt ovanfor, er det viktig å drøfte korleis desse tre institusjonane (universitet, skule, media), og forholdet mellom dei, best kan organiserast – med tanke på at vi alle, som statsborgarar i moderne vitkapsbaserte og kriseramma demokrati, har eit medansvar for det som skjer i samfunnet, og overfor naturen, nært og fjernt, både på kort og lengre sikt.

Konklusjon

Når ein på politisk hald skal vedta nye styrings- og finansieringsformer for statlege universitet og høgskular, må vi som statsborgarar i eit moderne vitkapsbasert samfunn kunne forvente at dei ansvarlege politikarane og dei ansvarlege politiske partia tar omsyn til dei poenga som det blir vist til i dette notatet.

Referansar

NOU 2/2020, Fremtidige kompetansebehov III, levert til Kunnskapsdepartementet 10.2.2020. Leiar av Kompetansebehovsutvalet, professor i økonomi Steinar Holden («Holden III»).

Meld. St. 14 (2019-2020), Kompetansereformen – Lære hele livet. Melding til Stortinget, frå Regjeringa ved Kunnskapsdepartementet, 22.4.2020.

Innst. 370 S (2019-2020). Innstilling til Stortinget frå Utdannings- og forskingskomiteen om *Kompetansereformen – Lære hele livet*, 9.6.2020. Vedtak i Stortinget 15.6.2020.

uniforum.uio.no/nyheter/2020/06/forskarforbundet-uryddig-og-kritikkverdige-vedtak-.html (Martin Toft i uniforum.uio 11.6.2020: «Forskarforbundet: Uryddig og kritikkverdig vedtak om arbeidsrelevans».)

uniforum.uio.no/nyheter/2020/06/arbeidslivsrelevans-kan-bli-ein-teljekant-i-finans.html (Martin Toft i uniforum.uio 15.6.2020: «Arbeidslivsrelevans kan bli ein teljekant i finansieringa av høgare utdanning», med etterfølgjande referansar til debatten.)

Gunnar Skirbekk, *Epistemic Challenges in a Modern World*, LIT Verlag, Zürich 2019; lett revidert norsk versjon (av andre og tredje del), *Tidsdiagnose. Kunnskapsrelaterte utfordringar i kriseramma moderne samfunn*, SVT Press, Bergen 2020 (tilgjengeleg på heimesida).

Dag Høss, *Verden på vippepunktet*, Res Publica, Oslo 2020.

Ole Jacob Madsen, *Livsmestring på timeplanen*, Spartacus, Oslo 2020.